



# Arealrekneskap for utmark

## Utmarksbeitet i Oppland

Yngve Rekdal


Tal frå prosjektet “Arealrekneskap i utmark” viser at Oppland har 11 mill. dekar nyttbart beiteareal i utmark. Kvaliteten er litt betre enn landsnittet. Spesielt for fylket er at mykje beiteareal er høgtliggande. Oppland er det fylket som har flest dyr i utmark, og utnyttinga av beiteresursane er høg i høve til andre fylke.

**Beiteareal og beite kvalitet:** Figur 1 viser landarealet i Oppland fordelt på beite kvalitetar for husdyr. Klassene godt beite og svært godt beite utgjør til saman nyttbart beiteareal. Det vil seie det arealet beitedyr vil ta planter av betydning for tilvekst frå.


20 % av landarealet i fylket er klassen ikkje beite, som omfattar areal utan vegetasjonsdekke som bart fjell og blokkmark, samt jordbruksareal og bebygde areal. 80 % av arealet kan reknast som tilgjengeleg utmarksbeite. Figur 2 viser at av det tilgjengelege utmarksbeitet kan 43 % klassifiserast som mindre godt beite, 43 % som godt beite og 14 % som svært godt beite. Figurane viser også tal for heile landet, basert på 87 % av flatene i prosjektet. Kvaliteten på utmarksbeitet i Oppland ligg noko over gjennomsnittet for landet.

**Varierende berggrunn og høgdetilhøve:** Utmarksbeitet i Oppland byr på ulike naturtilhøve, frå skogsbeite i sør, vide fjellskogar og lågfjellsvidder i midtfylket og høg fjell i nord. Snittala for beite kvalitet skjuler store lokale variasjonar. Varierende berggrunn og høgdetilhøve er i første rekkje årsaken til dette. Harde og næringsfattige bergartar som vitrar seint og gjev lite næring for plantevokster dekkjer over halve fylket. Ein fjerdedel av fylket er dekt av bergartar som vitrar lett og gir næringsrikt jordsmonn.

Oppland har stor variasjon i høgdelag og topografi, noko som er gunstig for beite kvalitet og sesongmessig beiteutnytting. Det som særmerker utmarksbeitet i fylket er store høgtliggande beiteareal. Desse fjellbeita har ein særleg verdi for sau




Figur 1. Areal av ulik beite kvalitet for husdyr i Oppland og for heile landet, vist som prosent av totalt landareal.



Figur 2. Areal av ulik beite kvalitet for husdyr i Oppland og i heile landet, vist som prosent av tilgjengeleg utmarksbeiteareal.

som kan trekkje opp i høgda med snøsmeltinga og få tilgang på nycroie utover ettersommaren og hausten.

**Beitebruk:** Utmarksbeite er ein viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket i Oppland. 42 000 storfe, 246 000 sau, 5 800 geit og 800 hest gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2013. Over 60 % av fylkesarealet vart bruka av organiserte beitelag i 2012. Figur 3 viser at det er jamt med beitedyr over det meste av fylket. Midtre delar av Gudbrandsdalen har særleg høg utnytting. I tillegg til dette kjem tamrein i fjellområda i vest fordelt på



Figur 3. Beitelag i Oppland med sauetal for beitesesongen 2012. Storfelag er vist med lys gul farge.

fire tamreinlag. For Oppland utgjør dette om lag 9 000 vinterrein. I tillegg kjem også uorganiserte beitedyr, særleg storfe knytt til seterdrift eller meir gardsnære areal.

**Beitekapasitet:** Ut frå fordelinga av beitekvalitetar kan det gjerast overslag over beitekapasitet. Her er det nyttbart beiteareal ein må ta utgangspunkt i. Dette utgjør 47 % av fylkesarealet eller vel 11 mill. dekar. Omlag 65 saueeiningar (s.e.) per km<sup>2</sup> nyttbart beite kan sleppast på beite av den kvaliteten som finst i Oppland. Samla beitekapasitet for fylket, vurdert ut frå plantedekket, vil da bli 727 000 s.e. Noko areal kan vera praktisk vanskeleg å nytte som beite. Dette har vi ikkje tal for. Dersom vi skjønsmessig set det praktisk nyttbare beitearealet til 90 % av det som er nyttbart ut frå plantedekket, skulle Oppland ha plass til 654 000 s.e.

Beitetrykket frå husdyr i 2013 var 418 000 s.e. Tek vi også med 9 000 tamrein utgjør dette 27 000 s.e. Samla beitetrykk var av dette 445 000 s.e. Det vil seie at 68 % eller om lag 2/3 av det praktisk nyttbare beitet vart nytta. Dyretalet på utmarksbeite kan ut frå dette aukast med 209 000 s.e. eller nesten 50 % i høve til dagens tal. Prosentvis er dette

lite i høve til dei fleste andre fylke, men i og med at dyretalet er stort frå før utgjør det ein god auke.

Med beitekapasitet er her meint det dyretalet som gjev optimal produksjon av kjøtt, samtidig som beitet ikkje blir forringa på lang sikt. Oppland har store skoglause areal som ligg under den klimatiske skoggrensa, ein arv frå tidlegare tiders harde utmarkshausting. Skal attgroing stoppast må truleg dyretalet vera høgare enn det som gjev best tilvekst. For både Øystre Slidre og Vestre Slidre er det potensielle attgroingsarealet 23 % av kommunane sitt totalareal. Ei stor landskapsendring er her på gang dersom beitetrykket blir for lågt.

**Utmarka er ikkje uendeleg:** Denne utrekninga av beitekapasiteten i utmark har mange usikre faktorar. Det gjeld til dømes beitetrykket frå storfe som er vanskeleg å talfeste. I tillegg er fleire tilhøve ikkje med i reknestykket. Tilgjengeleg fôr er eit uttrykk for eit felles matfat som også andre dyreslag vil ta sin del av. Fleire villreinsstammer brukar større eller mindre delar av Oppland som beite, og fôrbehovet til andre hjortedyr er her heller ikkje rekna inn. Oppland er fylket med flest hytter, i alt 47 000. Mange av desse vanskeleggjer utnytting av areal som beite. Dette er heller ikkje teke omsyn til i utrekninga av nyttbart beite.

Den viktigaste budskapet med denne beiteberekninga er at Oppland har høg utnytting av beiteresursane i utmark. Konflikter i høve til andre arealinteresser kan lett oppstå. God kunnskap om naturgrunnlaget er viktig for god beitebruk, og for å få størst muleg samla utbytte av arealbruk i utmark.



Sau i Børkdalsfjellet (Foto Y. Rekdal).